



VOSS KOMMUNE

Rådmannen

Vår ref
12/1351-23 13459/13

Etat/ avd.
RÅ

Saksbeh
EH

Ark.
044

Dykkar ref.

Dato
25.07.2013

REGLEMENT FOR UTVAL FOR NÆRINGS- OG TILTAKSARBEID

Vedteke i Voss kommunestyre 27. oktober 1994, sak 76.

Oppdatert etter vedtak i KST 20.06.13 sak 57/13.

- I. Samansetjing og val
Utvalet skal ha 9 medlemmer
Alle medlemene skal veljast av og mellom medlemene i kommunestyret, ordførar/varaordførar bør vera medlem. Leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret.
- II. Sakleg arbeidsområde
Det saklege arbeidsområde for utval for nærings- og tiltaksarbeid omfattar:
 - Tiltaksarbeid
 - Næringsutvikling
 - Jord, skog m.m.
 - Sysselsetjing
 - Næringsfond
 - Forvaltning, drift og vedlikehald av bustader (tillegg - KST 26.8.99 sak 49/99)
 - Landbruksveggar
- III. Dersom det er tvil om kor ei sak høyrar heime, treffer ordføraren avgjer om kva utval som skal ha saka.
- IV. Avgjerdsrett
Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt saklege arbeidsområde med dei avgrensingar som er gjeve.
Utvalet kan gjere avgjer i saker som fell inn under punkt VI, når det ikkje er tid til å leggje saka fram for kommunestyret. Melding om vedtak skal snarast råd leggjast fram for kommunestyret.
Vedtak om serveringsløyver kan handterast administrativt. NTA er fyrsteinstans i handsaming av klager.
- V. Innstilling/tilråding
Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor det saklege arbeidsområde til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.
Utvalet vel sjølv mellom sine medlemmer ein saksordførar som legg saka fram for kommunestyret.
- VI. Avgrensingar i avgjerdsretten
 - Saker som ved lov er lagd til kommunestyret eller andre organ å avgjere
 - Saker som kommunestyret sjølv har bestemt skal avgjerast av det
 - Saker som omfattar fleire utval

- Vesentlege saker og saker av prinsippiell betydning, må vurderast i kvart høve
- Eige delegering etter budsjettreglement

VII. Klage

A. MINDRETALSANKE

Eit mindretal på minst 3 medlemmer kan bringe saka inn for kommunestyret i alle saker som ikkje gjeld einskildvedtak

B. FORVALTNINGSKLAGE

Forvaltningsklage vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Saka kan klagast inn for særskilt klagenemnd.

VIII. Meldingar/rapport

- Kommunestyret får tilsendt hovudutskrift av møteboka til utvalet
- Utvalet legg elles fram rapporter som kommunestyret ber om.